

Referat frå FAU-møte 17.04.24 (Foreldra sitt arbeidsutval)

Onsdag 17. april 2024 kl. 19.00 – 20.30

Møtestad: Slåtten skule, auditoriet.

Desse møtte: 1A Nina K. Heggstad Skjerven (og 3B), 1B og 4A Endre Rosvoll Langset, 1C (Verken rep. eller vara kunne møte) 2A Linda Nesse Nesdal, 2C Toril Marie Terum, 3A Marie Fossheim, 3B Torje Hirth 4A Endre Rosvoll Langset, 4B Jon Anders Schei (2B), 4C Agnete Fløtre Bøyum (kunne ikkje møte) , 5A Marianne Myklebust, 5B Astrid Solheim Korsvoll, 6A (og 3B) Gunnhild Sande, 6B Bente Bakke, 6C Hazeem Arias, 7A Kjell Wernik-Nystøyl, 7B Silje Sægrov Amble (verken rep. eller vara kunne møte) og 7C Christian Moltu (kunne ikkje møte).

Sakliste

1. Bygge eit kreativt rom på biblioteket på Slåtten skule. Orientering ved Kari Huseklepp Nygård.

- Biblioteket har god plass etter ein omsnue/fjerning av møblar.
- Brukast som eit ekstrarom, skrive og leseopplæring.
- Tapet frå golv til tak med masse motiv og samtaleemne. For å fremje fantasien og den kreative evna vår, omgrepslæring, inspirasjon til å ville skrive. Som eit stort myldrebilde.
- Leserom med anna type stimuli, utan vindauge, skape fortellingar. Eit annleis rom.
- Bidrag til å utvide språkleg repertoar.
- Også ein kvit vegg til å kunne bruke med projektor.
- Fremje leseglede, snakke i lag, uttrykke seg kreativt, i lag.
- Fantasi støttar språkutvikling.
- Den kreative biten i skrivinga forsvinn etter kvart som barna blir eldre.
- Plassen er der, vi treng å setje opp to veggjar og vi treng ei dør, så har vi eit rom på ca 21 kvadratmeter.
- Eit rom vi kan bruke når vi deler klassar, små grupper, komme tett på, alle fag, barn med ekstra oppfølging, spesialundervisning.
- Lærarane kan booke rommet slik vi gjer i dag med andre rom på skulen.
- Vi har mangel på grupperom, så eit nytt rom vil gjere ein forskjell.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@forde.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@forde.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@forde.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@forde.kommune.no

- Skal det gjerast må vi lage det skikkeleg, med lydisolering osv.
- Har fått anbod på 50 000 kr, utan tapet og arbeid.
- Dugnad?

FAU ynskjer å støtte dette prosjektet, saka er diskutert, og fleirtalet støttar dette tiltaket.

1. Framdriftsplan Legene

- Fase 1, restaurering av stølshuset
 - Er mykje i bruk.
- Vi søker no om støtte til å gjennomføre Fase 2
 - Setje opp ei sperrestove frå Jølster på murane som vart restaurert i fase 1.
 - Ein stad å søke ly, overnatte.
 - Vi treng 660 000 kr.
 - Slåtten FAU har fått 500 000 av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Men har også søkt midlar andre stader.

2. Vennegrupper i fritida frå 1. klasse – er med å skape eit trygt og godt miljø.

- Vennegruppe: lærarane deler kvar klasse i mindre grupper. Kanskje fem elevar i kvar gruppe, kvar av elevane/familien skal ha ein aktivitet i året/invitere alle med heim? Aktiviteten må være enkel, gratis.
- FAU ynskjer at det skal diskuterast i klassane frå første klasse. Klassane treng nokre møtepunkt gjennom året. Vennegrupper, eller til dømes firedeling av klassane, der kvar gruppe skal finne på ein enkel aktivitet i løpet av året (møtast på Slåtten, i Hafstadparken, Dagsturhytta).

4. Mat og skjermtid på Slåtten

- Det er komme innspel om at det på Slåtten skule/SFO kan bli servert lappar og popcorn, og at dette kanskje skjer litt for ofte. FAU kjenner seg ikkje att i denne påstanden, anna enn at det er kjekt at det skjer mykje på Slåtten, "maten" oppleves som variert, at barna får smake på masse forskjellig.

- Skjermtid. Nettbrett på ein til to stasjonar to gonger i veka. Smartboard i fellesundervisning, skjerm som ein variasjon, fredagsfilm (henta frå ein andreklasse).
- På Slåtten har alle klassar opp til fjerde klasse "stilletid" dei første fem minutta av mattimen. Dette tenkjer FAU at er positivt. Øve på mangel på stimuli.

5. Snitch – forbod mot å bruke ordet på Slåtten, elevrådet har bestemt.

Notat frå elevrådsmøtet som var 14.03.24.

Alle klassar var representerte.

Marco Elsafadi seier at ordet snitching er kraftig misbrukt - dette er eit ord som er brukt i (kriminelle) ungdomsmiljø i det maktspelet som forgår for å få makt og få meir positiv sosial kapital, ikkje i miljø der ein prøver å bry seg og hjelpe andre.

Snitch

Elevrådet er einige om at ordet snitch er forbode å bruke på skulen vår - her seier vi frå dersom vi kan hjelpe nokon ved å sei frå.

Akseptabelt språk

Språket - alle må snakke fint til kvarandre.

6. Vi har sett inn inspeksjon etter siste time nede ved ballbingen.

- Det har vore episodar som gjer at har valgt å gjere dette.

7. Bruk av mobil.

**Tilsette har følgd opp gjeldande regel, sjå under her, på ein god måte.
Det har fått positive følgjer.**

Det er ikkje tillat med bruk av mobiltelefon på Slåtten skule.

Mobiltelefon eller anna elektronisk avspelings- eller kommunikasjonsutstyr skal vere avslått og ligge i sekken. Du har utstyret

med på eige ansvar. Skulen er ikkje erstatningspliktig dersom utstyret vert vekke.

Dersom nokon bryt denne regelen, skal utstyret takast inn for resten av dagen. Ved gjentekne brot på regelen vert foreldra kontakta og utstyret utlevert etter avtale med dei.

Alle pliktar å sette seg inn i skulen sine lovar og reglement.

Referent, Nina Skjerven.